


05/00184 - K 2000



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Kommunehuset
6390 Vestnes



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		9945/2010/U43 2010/601	Cecilie Flatnes Myklebust, 71 25 8044	01.03.2010

OVERSENDING AV SØKNAD OM LØYVE TIL ENDRING AV FLYTANDE ANLEGG FOR OPPDRETT AV MATFISK LAKS, AURE OG REGNBØGEAURE I SJØ – M-VS-0005, M-VS-0017, M-VS-0018 VILLA MILJØLAKS AS 983 442 404– LOK NR 20276 GJERMUNDNESHOLMANE I VESTNES KOMMUNE

Møre og Romsdal Fylkeskommune oversender kopi av søknad av 13.01.2010 frå Villa Miljølaks AS om løyve til endring av flytande anlegg for oppdrett av laks, aure og regnbøgeaure på lokaliteten "Gjermundnesholmane" (62° 38.098' N 07°08.141' Ø Eurf89/WGS84) i Vestnes kommune.


Søknaden gjeld endring av art frå torsk til laks, regnbøgeaure og aure. Omsøkt MTB for lokaliteten er 2340 tonn, det same som var tillate frå før. I tillegg er det søkt om løyve til å endre innehaver på lokaliteten frå Villa Codfarm AS til Villa Miljølaks AS.

Fylkeskommunen ber om at De behandlar søknaden etter plan- og bygningslova og samstundes legg søknaden ut til offentlig ettersyn i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samband annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vnaleg lest i området (jf. Forskrift av 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbøeørret, § 8)

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunens behandling av saka etter plan- og bygningslova kan sendast til fylkeskommunen snarast råd.

Viss det er spørsmål omkring søknaden ber vi Dykk om å kontakte saksbehandlar snarast.

Med helsing


Frank Madsøy
ass. regional- og næringsjef


Cecilie Flatnes Myklebust
rådgivar

Kopi:
Villa organic AS

6392 VIKEBUKT